

## Taper 100 millioner på driftsstogg

■ **NÆRINGS LIV:** Hydro taper 80 til 100 millioner kroner på driftsstogg i aluminiumsverket i Qatar, meiner analytikarar som nettstaden E24 har snakka med. Anlegget som er 10 gonger så stort som Høyanger Metallverk, har hatt fleire stogg i gasskraftverket. I dag er 490 av 704 brenselceller i drift, skriv Bergens Tidende.

## Held fram som trygt lokalsamfunn

■ **SAMFUNN:** Sogn og Fjordane fylkeskommune har fornya avtalen sin med nettverket «Trygge lokalsamfunn» i regi av Verdhelseorganisasjonen, melder fylkeskommunen. Avtalen vart første gong signert i 2005. Det var satsinga på folkehelse generelt og arbeidet med å førebyggje skadar og ulukker som gjorde at fylket fekk denne statusen som trygt lokalsamfunn.

## Blir med i hamnesamarbeid

■ **HYLLESTAD:** Hyllestad kommunestyre har vedteke å bli med i Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn, for å ivareta kommunen sitt ansvar og mynde i høve til ny Lov om hamner og farvatn. Etter forslag frå administrasjonen vart Margunn Hyenes kommunens representant i hamnerådet, med administrasjonssjef Trond Hansen som vara.

# – Uvanleg god tryggleik

## ■ Deltakar i god form etter kneskade under Storehesten Opp

**GAULAR:** Den kenyanske løparen som vart send til sjukehus med skadd kne under helgas Storehesten Opp er allereie på beina att.

JANNE G. SØRGULEN  
janne.sorgulen@firda.no 41694690

### STOREHESTEN OPP

- Eit motbakkelop i Gaular kommune, der Gaular Idrettslag står som arrangør i samarbeid med grunneigarar i området.
- Arrangert for første gong i 2006 og gjekk av stabelen førre helg.
- Ein deltakar vart i år frakta ut med helikopter etter ein skade.

Medan skadde deltakarar i motbakkelop elles i landet gjerne må fraktast ned same veg som dei kom, gjorde eit godt tryggleiksopplegg at kenyanske Robert Tirob raskt kunne fraktast til sjukehus med helikopter.

– Vi har for vane å alltid ringje til deltakarar som vart sende til sjukehus. Tirob er tatt røntgen av. Han skal ikkje ha fått indre skadar og skal ha kunna gå normalt seinare på kvelden laurdag, seier arrangementansvarleg Helge Kårstad.

### – Tryggleiken på topp

Kårstad påpeikar at tryggleiken under Storehesten Opp truleg er høgare enn kva andre løp kan skilte med, ettersom dei har eit helikopter frå Airlift i nærleiken. Det skal òg ha vore generelt få skadar som har skjedd i løpet av arrangementa deira.

– Røde Kors har eit ansvar for alle skadar, og det er dei som rekvirerer ein eventuell ambulans eller eit helikopter. I tillegg har vi eit samarbeid med helikopterselskapet Airlift, noko få andre motbakkelop kan skilte med, meiner Kårstad.

Airlift har helikopterbase nær Storehesten, noko som har gjort eit slikt samarbeid enklare, ifølgje Kårstad.

### Vart flydd opp i løypa

Kårstad stod sjølv og fortalde deltakarar at dei måtte vere spesielt forsiktige på eit vanskeleg punkt i løpet av trasen som følgje av været.

– I løpet av arrangementet fekk eg ei melding om at det var ei snøbru over ei elv som var i ferd med å bryte opp. Det var eit fall på ein meter der, som folk kunne ha skadd seg på, forklarar Kårstad.

Han vart difor flydd opp med helikopter til det vanskelege punktet i løypa.

– I ein time stod eg der og fortalde alle deltakarar at dei måtte vere forsiktige då dei passerte dette området, seier arrangementansvarleg, seier han og meiner dette er eit dome på tryggleikstiltak som er moglege grunna samarbeidet deira med Airlift.



**GLATTE FORHOLD:** Under årets motbakkelop deltok til saman 1297 personar, sjølv om værgudane kom med alt ifrå yr til regn og hagl. Her, årets vinnar, John Sompol frå Kenya. Foto: Idar Stadheim

## – Fleire burde bruke orienteringssko med piggar

Ein må bruke orienteringssko med piggar for å klare Storehesten Opp på under ein time.

Det meiner tidlegare orienteringsløpar og deltakar i Storehesten Opp gjennom fleire år, Kjell-Arne Hjellbrekke.

– Eg er forundra over at ikkje fleire brukar sko med piggar. I

år brukte eg joggesko under første del, for så å byte til orienteringssko med piggar. I år brukte eg ti minutt mindre enn i fjor, forklarar Hjellbrekke. Utspilet hans er ikkje meint som kritikk av arrangøren, ettersom han meiner det alltid vil vere glatte parti når det er mange deltakarar.

– Men min påstand er at inge klarer å springe Storehesten Opp på under ein time med mindre dei brukar sko med piggar. Mange trur ein får eit dårleg fotfeste på stein om ein brukar sko med piggar, men det er heilt feil, seier deltakaren som har tenkt å vere med på løpet inntil han fyller 80 år.

Arrangementsansvarleg Helge Kårstad stynest skodiskusjonen er interessant og trur det vil komme ei utvikling på området i framtida. Og i forhold til gjennomføringa: – Den personen som kan springe på under timen finst der ute. Vi må berre få tak i vedkomande gjennom marknadsføring, seier han.